



Avtale om deltaking i driftsgranskingane

Norsk institutt for Bioøkonomi (NIBIO)
Postboks 115, 1431 ÅS

og _____, organisasjonsnr. _____,

har i dag inngått avtale om deltaking i driftsgranskingane til NIBIO.

Brukar og eventuell ektefelle/sambuar gir med dette samtykke til at NIBIO kan samle inn dei personopplysningane og opplysningane om bruket som er nødvendige for driftsgranskingane. Desse opplysningane inkluderer rekneskap, leveransar av husdyr- og planteprodukt, offentlege tilskot, arealoppgåver og tal frå næringsoppgåver og skattemeldingar. Opplysningane vil bli brukte til å utarbeide driftsgranskingar for jord- og skogbruk for NIBIO, og til anna utgreiing og forskning i NIBIO basert på driftsgranskingsdata. Aidentifiserte opplysningar vil bli lagra for seinare analyser av tidsseriar i utgreiings- og forskingsarbeid. Det vil ikkje bli publisert data frå enkeltbruk. Aidentifiserte datasett kan bli utleverte til forskingsinstitusjonar for bruk i forskingsprosjekt og til EUs rekneskapsstatistikk, dersom Noreg i framtida forpliktar seg til å levere rekneskapsdata til EU.

1. Brukar og eventuell ektefelle/sambuar forpliktar seg til:

- Å låne ut skatterekneskap, skattemeldingar, oppgåve over betalt skatt, næringsoppgåver, skjema landbruk og liknings skjema for all næringsverksemd. Ein gir óg løyve til at aktuelle opplysningar i denne samanhengen eventuelt vert henta elektronisk frå varemottakarar som Felleskjøpet, Tine Norske Meierier og Nortura, eller frå Skatteetaten, Landbrukets dataflyt eller Landbruksdirektoratet.
- Å gje opplysningar om arealdisponering, oppnådde avlingar, arbeidsforbruk med meir, etter spesifikasjonane til NIBIO og på nett eller skjema frå NIBIO, eller tillate NIBIO å hente denne informasjonen frå andre register.

2. NIBIO forpliktar seg til:

- Kwart år vederlagsfritt å utarbeide ein driftsanalyse for bruket. Analysen skal sendast brukar snarast mogeleg etter utarbeiding. I tillegg vert det sendt ut analyse men samanlikningsgruppe etter sesongen.
- Landsdekkande og regional publikasjon tilgjengeleg for brukar på www.nibio.no.
- Å sikre at brukar og ektefelle/sambuar er anonym og at personopplysningar vert behandla og lagra forsvarleg. Det vil seie at all lagring og bruk av data til ei kvar tid følgjer vilkåra for lagring av personopplysningar gitt i Lov om handsaming av personopplysningar og Personopplysningsforskrifta.
- Å betale honorar til deltakarane og andre involverte etter gjeldande retningslinjer, som beskrive på [Deltakarinformasjon](#), på NIBIO sin nettside. Honorara kan bli endra etter årlege vurderingar av satsar.

Eg har lese avtaleteksten og informasjonsskrivet. Avtalen er inngått frivillig. Oppseiing av avtale vert gjort skriftleg. Det lovlege grunnlaget for at NIBIO kan samle inn og handsame personopplysningar er at det er gitt samtykke. Signering av denne avtalen gjeld som samtykke. Samtykket gjeld til avtalen er sagt opp av ein av partane.

Dato: 29.02.2024

For NIBIO

divisjonsdirektør

avdelingsleiar

Dato:

Brukar _____

Dato:

Ektefelle/sambuar _____